

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Steinulf Skjerdal
Arkivsaksnr.: 13/2245

Arkiv: S11

Søknad om løyve til bygging av Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk

Rådmannen si tilråding:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk på Veitastrond med tilhøyrande elektriske anlegg på følgjande vilkår:

1. For begge kraftverka skal minstevassføringa i perioden 1/10 – 30/4 setjast lik 5-persentilen vinter, dvs. 0,67 m³/s.
2. For Storelvi Øvre kraftverk skal minstevassføringa i perioden 1/5 – 30/9 setjast til 2,5 m³/s.
3. For Storelvi Nedre kraftverk skal minstevassføringa i perioden 1/5 – 30/9 setjast lik 5-persentilen sommar, dvs. 7,15 m³/s.
4. Kraftverka må byggjast på ein måte som tek vare på jettegrytene i området.
5. Det må setjast krav til støydempeende tiltak ved bygging av kraftstasjonane og val av utsleppsløsing slik at støynivået held seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442.
6. Utbyggingane må elles utførast med dei avbøtande tiltaka som går fram av søknaden

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: 1. Oversendingsbrev frå NVE datert 21.08.2013
 2. Oversiktskart

Uprenta vedlegg: [Søknad](#)

Samandrag:

Storelvi Kraft AS (SUS) v. Kjell Jarle Bruheim har søkt NVE om løyve etter vassressurslova § 8 til å byggja Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk på Veitastrond og etter energilova om løyve for elektriske anlegg i kraftverket og høgspent overføringsanlegg for samankopling med eksisterande 22 kV linje.

Kommunedelplanen for små kraftverk i Luster plasserer vassdraget i «grøn konfliktsone». Dette betyr at området er prega av lite konfliktstående og/eller store positive ringverknader, og at det her bør planleggjast med tanke på å få god teknisk og økonomisk utnytting av ressursane.

Rådmannen meiner likevel at verdi og konsekvensar for landskap og brukarinteresser er undervurdert i søknaden. Særleg gjeld dette for Storelvi Nedre som er godt synleg frå vegen inn til Nyestølen og Tungestølen og turruta Snauedalen – Fjærland som startar ved Vårstølen, like ved kraftstasjonen for det nedre fallet.

Redusert vassføring i elva vil vera særleg merkbar herifrå. Ei positiv tilråding til utbygging av det nedre fallet bør vera på vilkår av at kravet til minstevassføring om sommaren vert auka ut over det som søknaden legg opp til.

Dei positive verknadene av ei utbygging må likevel ikkje undervurderast. Fallrettane ligg i stor grad til gardbruksarar som i dag bur på Veitastrond. Betra kapitaltingang vil medverka til å tryggja busetnaden i bygda og lokale institusjonar, som skule, barnehage, butikk m.v. Ei utbygging vil også generera betydelege skatteinntekter som vil koma samfunnet elles til gode.

I sum meiner rådmannen at føremunene med ei utbygging vil vera større enn ulempene, også om ein ser kraftverka kvar for seg, og vil tilrå konsesjon på vilkår av at nærmare spesifiserte avbøtande tiltak vert gjennomført.

Utval som har vedtaksmynde:

Kommunestyret

Fakta:

Storelvi Kraft AS (SUS) v. Kjell Jarle Bruheim har søkt NVE om løyve etter vassressurslova § 8 til å byggja Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk, og etter energilova om løyve for elektriske anlegg i kraftverket og høgspent overføringsanlegg for samankopling med eksisterande 22 kV-linje i området.

Søknaden har lege ute på høyring på servicetorget i rådhuset med frist for fråsegn 06.10.2013. For Luster kommune er fristen sett til etter kommunestyremøtet den 07.11.2013.

Etter høyringsfristen får søker høve til å kommentera innkomne fråsegner. NVE står fritt til å vurdera om det skal gjevest konsesjon, og kva vilkår som i såfall skal knytast til denne. Vilkåra kan omfatta reglar om byggjefristar, vasslepping, godkjenning av planar m.o.t. miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, fornminne, samt kva sanksjonar som skal iverksetjast ved ev. brot på fastsette vilkår.

NVE si avgjerd kan pålagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker etter at melding om vedtaket er motteke.

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. NVE ønskjer synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensinger i planane, samt forslag til avbøtande tiltak som kan redusera ev. skader ved gjennomføring.

Søknaden er utarbeidd av Bystøl AS. Naturkartlegginga er gjennomført av Aurland Naturverkstad BA, revidert utgåve 2008 med tilføyinger 2013.

Hovuddata for kraftverket

DATA FOR TILSIG	Storelvi Øvre	Storelvi Nedre
Nedbørfelt, km ²	143	143
Middelvassføring, m ³ /s	12,6	12,6
Alminneleg lågvassføring, m ³ /s	0,57	0,57
5-persentil sommar (1/5-30/9), m ³ /s	7,15	7,15
5-persentil vinter (1/10-30/4), m ³ /s	0,67	0,67
DATA FOR KRAFTVERKET		
Inntak på kote	233,5	209,0
Avlaup på kote	211,0	183,0
Lengde på råka elvestrekning, m	315	580
Midlare energiekvivalent, kWh/m ³	0,05	0,06
Damhøgde, m	5	3
Dambreidde, m	12	20
Volum dam, m ³	1 000	1 500
Neddemt areal, m ²	250	750
Slukeevne max. m ³ /s	21,4	21,4
Slukeevne min., m ³ /s	1,5	1,5
Tillaupsrøyr, lengde, m	310	565
Tillaupsrøyr, diameter, mm	2 000 + 2 200	2 000 + 2 200
Installert effekt, max., MW	3,9	4,4
Brukstid t	3 794	3 794
Planlagt minstevassføring sommar, m ³ /s	2,5	2,5
Planlagt minstevassføring vinter, m ³ /s	0,67	0,67
DATA FOR PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4), GWh	5,4	6,1
Produksjon, sommar (1/5 – 30/9), GWh	8,8	9,8
Produksjon, årleg middel, GWh	14,2	15,9
DATA FOR ØKONOMI		
Utbyggingskostnad, mill. kr	39,5	49,3
Utbyggingspris, kr/kWh	2,78	3,10

Sjølve planen

Planen går ut på å byggja to separate kraftverk der Storelvi Øvre skal nytta fallet frå kote 233,5 til kote 211,0 og Storelvi Nedre frå kote 209,0 til kote 183,0.

Inntaket til det øvre kraftverket er plassert om lag 1 475 m innanfor brua som går over til Vårstølen, rekna etter elvestrengen. Røyrgata ned til første kraftstasjonen vil bli om lag 310 m lang. Mellom utlaupet frå øverste kraftstasjon og inntaket til nedre, ei strekning på om lag 600 m, vil elva renna fritt. Røyrgata til det nedre kraftverket vil bli om lag 565 m lang og munna ut om lag 25 m nedanfor Vårstølsbrui.

Røyrgata er planlagd med to parallelle røyr, det eine på diameter 2,0 m det andre 2,2 m. Dei skal gravast ned heile vegen

Frå den private vegen mellom Vårstølen og Tungestølen skal det byggjast ein avstikkar på om lag 390 m til den øvre kraftstasjonen. Mellom kraftstasjonen og inntaket til denne skal røyrgatetracèen også nyttast som tilkomstveg. Etter avslutta anleggsperiode skal terrenget planerast og tilsåast, men vera framkomeleg for maskiner for seinare vedlikehald. Frå privat veg like nord for Vårstølen skal det byggjast ein 65 m lang avstikkar til nedre inntak og dam. Frå Vårstølsbrui til den nedre kraftstasjonen skal eksisterande veg flyttast om lag 8 m mot aust i ei lengde på om lag 30 m.

Kraftstasjonane er planlagde med lik utforming og storleik, 12 x 10 m. I kvar av stasjonane skal det plasserast 2 stk. Francisturbinar med slukeevne på 7 og 14,4 m³/s. Turbineffekt 4,2 MW for øvre fall og 4,7 MW for nedre fall.

Det er planlagt å sleppa ei minstevassføring på 0,67 m³/s om vinteren (1/10 – 30/4), og 2,5 m³/s om sommaren (1/10 - 30/4) for begge kraftverka. Om vinteren tilsvarer dette 5-persentilen, og om sommaren om lag 4,4 gonger alminneleg lågvassføring, eller vèl 1/3 av 5-persentil sommar.

Mellan kraftstasjonane Øvre og Nedre skal det leggjast jordkabel, frå nedre stasjon skal det byggjast om lag 100 m luftlinje til påkoplingspunkt med eksisterande 22 kV-linje i området.

Eigedomstilhøve

Til saman 26 fallrettseigarar står bak søknaden.

Tilhøve til overordna planar

I arealdelen til kommuneplanen er prosjektorrådet definert som LNF-område.

I kommunedelplanen for små kraftverk, som skal vera retningsgjevande for kommunen si handsaming av utbyggingsprosjekt, er vassdraget plassert i "grøn konfliktsone". Dette betyr at området er prega av lite konfliktnivå og/eller at ei utbygging vil gje store positive ringverknader, og at det her bør planleggjast med tanke på å få god teknisk og økonomisk utnytting av ressursane.

Vassdraget er ikkje med i Samla plan for vassdrag.

Tiltaket berører ikkje område som inngår i verneplan for vassdrag.

Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

Vassstemperaturen i elva mellom inntak og avlaup vil bli svært lite endra av ei utbygging og lokalklimaet vil ikkje bli nemnande påverka.

Konsekvens «ubetydeleg negativ (0)».

Inngrepssstatus

Den aktuelle elvestrekninga ligg ikkje innanfor INON-område, men Storelvi Øvre vil gje eit bortfall på om lag 0,2 km² av sone 2 (1 – 3 km frå inngrep).

Raudlisteartar:

Det er ikkje funne raudlisteartar i området og tiltaket har ingen verknad på dette temaet (0).

Terrestrisk miljø:

Det er påvist to førekomstar av naturtype med status som verdifulle i området, ei naturbeitemark og ein beitemarksskog av typen gråor-sumpskog, begge verdsett til lokal verdi, C. Beitemarksskogen er sårbar for redusert vassføring, men på aktuell strekning vil elva renna naturleg.

Totalkonsekvens av utbygging «liten negativ»(-).

Fisk og ferskvassbiologi:

Elva har ein liten bestand av aure som i liten grad vert påverka av utbygginga. Totalkonsekvens (0).

Landskap:

Deler av berørd elvestrekning går i stryk, elles renn elva roleg over ei elveslette. I eit smalt klype med bergvegg på begge sider er det ei rekke med jettegryter. Etter utbygging vil inntaksdam og steinplastring, kraftstasjon med avlaupskanal, ny veg til øvre kraftstasjon, samt redusert vassføring vera synleg i landskapet.

Totalkonsekvens for landskap er likevel vurdert å vera liten (0).

Landbruk:

Mange bruk vil få tilleggsinntekter som følge av av ei utbygging, som kan medverka til å sikra framtidig drift og busetnad i bygda. Totalkonsekvens «middels positiv».

Brukarinteresser:

I søknaden vert det opplyst at tiltaksområdet i dag vert lite nytta som turområde, men i nokon mon til hjortejakt. I anleggsperioden vil jakta bli vesentleg forringa, men etter istandsetjing og tilslåing av anleggsområda, vil verknadene for friluftsliv og jakt vera som før. Totalkonsekvens (0).

Samfunnsmessige verknader:

Ei utbygging vil gje auke i skatteinntektene til Luster kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune og staten. Prosjektet vil gje lokal sysselsetjing i anleggsperioden, medverka til oppgradering av linjenettet til Veitastrond, betra kapitaltilgangen som i sin tur vil gjera det lettare å etablera seg og vidareutvikla næringsverksemd m.v.

Samla vert tiltaket vurdert å ha vesentlege positive samfunnsmessige verknader. Det er ikkje påvist negative samfunnsverknader.

Avbøtande tiltak:

Ut over planlagd minstevassføring er det planlagt som avbøtande tiltak å setja området kring dam og inntak best mogeleg i stand og tilpassa til omkringliggjande terren. Å avgrensa arealbruken og ta vare på mest mogeleg veksttorv og jord i området vil vera viktig rundt inntak/dam, røyrgate og kraftstasjon, samtidig som det vil vera kostnadssparande med tanke på etterarbeid.

Vurdering:

Karaktersettinga i kommunedelplanen for små kraftverk i Luster, «grøn konfliktsone», skal i utgangspunktet tilseia at den planlagde utbygginga er uproblematisk i høve ulike ålmenne interesser.

Rådmannen meiner likevel dette må nyanserast noko. Mellom anna meiner han at vurderinga i søknaden for det som gjeld verdi og konsekvensar for landskap og brukarinteresser er undervurdert. Særleg gjeld dette for Storelvi Nedre. Vegen inn til Nyestølen og Tungestølen er innfallsport for Jostedalsbræen Nasjonalpark og turruta Snauedalen – Fjærland startar ved Vårstølen, like ved kraftstasjonen for det nedre fallet. Redusert vassføring i elva vera særleg merkbar herifrå. Ein auke i minstevassføringa om sommaren vil vera eit aktuelt avbøtande tiltak her.

Storelvi Øvre er mindre konfliktfilt ettersom den strekninga er mindre synleg både frå vegen inn mot Tungestølen og frå turruta inn Snauedalen. Men på denne elvestrekninga er det ei rekke gjettegryter som bør takast vare på.

Føremunene med utbygging må likevel ikkje undervurderast. Fallrettane ligg i stor grad til gardbrukarar som i dag bur på Veitastrond. Betra kapitaltingang vil medverka til å tryggja busetnaden i bygda og lokale institusjonar, som skule, barnehage, butikk m.v. Det vil slå

ekstra positivt ut for lokalsamfunnet at den planlagde utbygginga vil skje i eigen regi.
Kraftverka vil også generera betydelege skatteinntekter som vil koma samfunnet elles til gode.

Rådmannen meiner at med skjerpa krav til avbøtande tiltak vil begge utbyggingane vera
forsvarlege å gjennomføra.

Dato 24.10.2013

Jarle Skartun
rådmann

Steinulf Skjerdal
landbruksjef

Særutskrift skal sendast: NVE, Konsesjons- og tilsynsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo
(sendt som vanleg brev til postadressa ovanfor og elektronisk via
www.nve.no/konsesjonssaker og e-post til: **nve@nve.no**)

m/kopi til:

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑